



Halvard Miljeteig  
Jonsterhaugen 5  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2627 - 16/23192

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
30.08.2016

## Avvist søknad om riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad- gbnr 171/10 Seim

### AVVISING AV MANGELFULL SØKNAD

**Tiltakshavar:** Halvard Miljeteig

**Ansvarleg søkjar:** Halvard Miljeteig

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-3

Saksutgreiing:

#### **Tiltak**

Saka gjeld riving av eksisterande våningshus og oppføring av ny bustadhus

Det vert elles vist til søknad motteken 18.08.2016

#### **Planstatus**

Tomta ligg i uregulert om rådet, som i Kommuneplanen er sett av til LNF-føremål.

#### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrslø og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

#### **VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er sendt inn rammesøknad om riving av eksisterande våningshus på tomta og oppføring av ny bustad.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I søknad er det lagt ved ei uttale i frå Kulturverntenesta i Nordhordland.

#### Vass- og avlaupshandtering

Tomta er i dag ikkje kobla til kommunal vassanlegg. Ved søknad om ny bustad må det før søknad om rammeløyve søkjast til kommunen om tilkobling til dette anlegget.

Det må samstundes søkjast om nytt utsleppsløyve for bustaden. Her skal det gå fram kva type anlegg det søkjast om, leidningtrase og utsleppstad mm.

#### Avkøyrse

Ved søknad om ny bustad må det søkjast til kommunen om løyve til ny avkøyrse, etter dagens regelverk. Vi gjer merksem på at det i dag er krav til at ein skal kunne køyre heilt fram til bustaden, og vegtrase` må difor vere skildra i søknad.

#### Dispensasjon

Tomta ligg i det som Kommuneplanens arealdel har definert som LNF-området. Vi ber difor om ei redegjørelse på om gården er i bruk i dag. Dersom den ikkje er i bruk eller det ikkje er planer om å sette det i bruk må det søkjast om dispensasjon i frå LNF-formålet i plan.

#### Høyring

Vi gjer merksem på at ved ny søknad om riving av eksisterande bustad, vil søknad rutinemessig sendast på høyring til Hordaland Fylkeskommune.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad avvist.**

#### **Avvisningsgrunnlag:**

- 1. Det foreligger ikkje søknad til kommunen om tilkobling til offentleg vassanlegg**
- 2. Det er ikkje søkt om nytt utsleppsløyve til bustaden.**
- 3. Det er ikkje søkt til kommunen om nytt avkøyringsløyve.**
- 4. Det er uvisst om garden er i bruk. Ved ny søknad må det gjerast rede for om det er planer om å gardsdrift. Dersom det ikkje er planer om dette må det søkjast om dispensasjon i frå pbø §11-6 vedkomande rettsverknad av kommuneplanens arealdel, da tomta i dag er sett av til LNF-føremål.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2627**

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Halvard Miljeteig

Jonsterhaugen 5 5109

HYLKJE

**Mottakarar:**  
Halvard Miljeteig

Jonsterhaugen 5 5109

HYLKJE